

---

Saksnr: 2020/37733-17  
Saksbehandlar Torill Monstad  
Dato: 04.11.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for næring

---

**Frå:** Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling

---

## Næringshagar og inkubatorar - innplassering i differensieringspyramiden

Som hovedutval næring er kjent med så fekk frå 1. januar 2020 Vestland fylkeskommunane overført oppdragsgjevaransvaret for Innovasjon Noreg og Siva sine bedriftsretta ordningar Bedriftsnettverk, Mentortenesta for gründerar, Landsdekkjande etablerartilskot, Næringshageprogrammet og Inkubasjonsprogrammet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), Nærings- og fiskeridepartementet og Kulturdepartementet. Midlane er samla i ei ny øymerkt ordning under kap. 553, post 61. Vestland fylke er tildelt kr 99.377.000,- i 2020 over denne ramma. Midla på denne ramma kan ikkje nyttast til andre tiltak enn desse ordningane og programma. Fordeling av denne ramma vart gjort i hovedutval næring våren 2020.

Totale midlar som vert overført til Siva frå Vestland fylkeskommune for 2020 er kr 23 800 000. Dette er kr 23 400 000 til næringshagane og inkubatorane i Vestland, samt kr 400 000 til eit to-årig prosjekt for Inunet, nettverket for næringshagane og inkubatorane i fylket. I tillegg har Vestland fylkeskommune fått ekstramidler på kr 5.500.000 som har blitt overført til Siva sine næringshagar og inkubatorar i fylket i oktober/november.

Næringshage- og inkubasjonsprogramma er 10-årige program som skulle vare frå 2011 til 2021. På grunn av at fylkeskommunen i regionreforma har fått overført oppdragsgjevaransvaret for desse to programma frå 2020, har programperioden blitt utvida til å gjelde ut 2022. Dette for at vi skal kunne ha ein god prosess når ein skal utvikle nye program.

Dette har ført til at Siva såg behovet for å gjennomføre ein ny runde med differensieringsprosess. Differensieringsprosessen er ein ganske omfattande prosess, og vart sist gjennomført i 2018. Resultatet skal danne grunnlaget for kva den einskilde næringshage og inkubator skal få i støtte til drift for åra 2021 og 2022. Prosessen har såleis stor innverknad på den einskilde organisasjon i programma.


Alle dei 33 inkubatorane og 40 næringshagane i Noreg vert vurdert etter svært mange og ulike kriterier, både kvalitative og kvantitative. Desse kriteria er så og seie uendra sidan 2018. Kriteria vert så vekta mot kvarandre, og dannar såleis grunnen for kvar den ein skilde næringshage og inkubator vert foreslått passar inn i differensieringspyramidane. Etter at Siva har gjort si faglege vurdering, er det ein dialog med fylkeskommunen, der dette vert grunngjeve og forklart. Dei reviderte differensierte tilskotsmodellane tek ikkje omsyn til evt korona-tiltak.

I årets differensieringsprosess har Siva vald å leggje fram eit forslag på to ulike økonomiske rammor.

Ramme 1: Same tilskotsnivå som KMD overførte til fylkeskommunane samla for 2020 for begge programma, kr 183,3 mill.

Ramme 2: Ramme 1 + auke på 20 mill som følgje av budsjettinnspel, kr 203,3 mill.


**Effektane av desse to rammene på regionsnivå:**



Dei ulike modellane er framstilt som pyramider:



## Differensierte tilskuddsmodeller med virkning fra 1. halvår 2021



**Inkubasjonsprogrammet ramme 1 og 2**  
(ingen endringer fra dagens modell)



**Næringshageprogrammet ramme 1**

Endringer fra dagens modell:

- Laveste nivå økes fra 1,4 til 1,5 mnok
- Andre trinn økes fra 1,7 til 1,8 mnok
- Tredje trinn økes fra 2 til 2,1 mnok



**Næringshageprogrammet ramme 2**

Endringer fra dagens modell:

- Laveste nivå økes fra 1,4 til 1,5 mnok
- Andre trinn økes fra 1,7 til 1,8 mnok
- Tredje trinn økes fra 2 til 2,2 mnok

Fylkeskommunane har på nasjonalt nivå, i Siva sitt programråd, støtta Siva sine vurderingar med tanke på utviklinga i den einssilde næringshage og inkubator, og rådd til å gå inn for forslaget frå Siva som ligg i ramme 1.

Fylkeskommunane er sjølvstendige einingar som må ta atterhald om eigne budsjett og prioriteringar, samt at endeleg tildeling ikkje vil ligge føre før etter at budsjett og evt disponeringssaker og fullmaktsaker er handsama i relevante organ. Men fylkeskommunane er likevel særleg merksame på ansvaret med tanke på oppgåver og tilsett i næringshagane og inkubatorane.

For Vestland sine næringshagar og inkubatorar har Siva gjort følgjande vurderingar:

Næringshager/inkubatorer	Dagens tilskot	Ramme 1 frå 1. halvår 2021		Ramme 2
		Endring i kr		
Gulen og Masfjorden Næringshage AS	1 700 000	1 800 000	100 000	
Nordhordland Næringshage AS	1 400 000	1 500 000	100 000	
Næringshagen i Hardanger AS	1 400 000	1 800 000	400 000	
Næringshagen på Voss AS	1 700 000	1 800 000	100 000	
Sognefjorden Næringshage AS	1 700 000	1 800 000	100 000	
Stryn Næringshage AS	2 500 000	2 100 000	-400 000	2 500 000
Aksello AS	1 500 000	1 500 000	0	
Atheno AS	2 000 000	2 000 000	0	3 000 000
Industriutvikling Vest AS	1 500 000	2 000 000	500 000	
Kunnskapsparken i Vestland AS	3 000 000	4 000 000	1 000 000	
VIS AS	5 000 000	5 000 000	0	
<b>Totalt</b>	<b>23 400 000</b>	<b>25 300 000</b>	<b>1 900 000</b>	

Siva påpeikar at dersom ein aktør går nedover i pyramiden, så er det gitt ein lovnad om at aktøren beheld sitt noverande støttenivå eit halvår, for å områ seg økonomisk mht tilsette osv.

Det er viktig for Vestland fylkeskommune å nytte det regionale handlingsrommet som desse nye oppgåvene opnar opp for.

Ramma på kap. 553, post 61 er kr 105 mill til Vestland fylke for 2021, jamfør kr 99,377 for inneverande år.

Vestland fylkeskommune har difor vald å gå for ramme 2. Dette betyr ein auke på kr 1,4 millionar frå ramme 1. Dette fører til at Stryn næringsshagen beheld sitt nivå i pyramiden, og ikkje går ned frå 2,5 mill til 2,1 mill. Samt at Atheno går opp frå 2 mill til 3 mill.

Jamfør dei 4 hovudmåla i vedteken utviklingsplan, så kan mål nr 1 og 4 direkte koplast opp mot å sikre at dei Stryn næringshage har kraft nok til å vere ein utviklingsaktør for næringslivet og bedriftene i sin region. Å ha ei toppfinansiering til Stryn er ein god måte å synleggjere og operasjonalisere desse utviklingsmåla på.

I budsjettramme 2 vil òg inkubatoren Atheno gå opp eit nivå i støttepyramiden frå 2 millionar til 3 millionar. Sunnhordland er hardt råka av korona-krisa.

Vestland fylkeskommune vurderer det slik at å auke kapasiteten til inkubatoren vil vere ein god måte å bidra inn blant anna mot den nødvendige omstillinga og «grøngjeringa» næringslivet i regionen vil måtte gjennomgå for å sikre fortsatt verdiskaping.